

**Sak 38-26 DRØFTINGSSAK – NÆRINGSUTVIKLING. OPPFØLGING FRÅ HALLINGTING****Bakgrunn:**

Som ledd i rulleringa av regionplan vart Hallingtinget i april utfordra på tre tema: næringsutvikling, helsesamarbeidet og andre regionale samarbeidstiltak:

På tema næringsutvikling fekk Hallingtinget følgande spørsmål til drøfting:

1. Korleis kan kommunane i Hallingdal organisere ei felles satsing på regional næringsutvikling, slik at ein får reell kraftsamling, brei deltaking og større effekt for næringslivet i heile dalen?
2. Kva tiltak kan vera aktuelle?

**Her er eit kort samanstilling av svara frå eit fleirtal av gruppene på Hallingtinget**

- Vidareføring av omstillingsprogrammet “Sats på Hallingdal” gjennom “Sats på Hallingdal 2.0”.
- Det bør jobbast vidare med eit regionalt nærings- og utviklingsfond for Hallingdal og finansiering av dette.
- Prioritere større regionale utviklingsprosjekt og kompetansesarbeidsplassar
- Styrke verkemiddelapparatet i Hallingdal og gje Næringshagen og næringsforum ei tydelegare regional rolle
- Halde fram med ei regional traineeordning som rekrutterings- og kompetansetiltak
- Det bør vera større fokus på næringsutvikling i Hallingdal

Dette er ei oppfølging av saka frå Hallingtinget. Det vart sagt at Regionrådet skal drøfte dette vidare slik at det kjem inn i ei ev rullering av Regionplanen til hausten.

**Vurdering**

Det er stor semje om at kommunane bør ha fokus på næringsutvikling fordi det skaper attraksjonskraft, arbeidsplassar, hindrar fråflytting, gir betre økonomi osv. Kor mykje fokus, kva tiltak ein skal gå i gang me og kor mykje som skal gjerast regionalt er likevel ein diskusjon.

Hallingdal er ein bu og arbeidsregion, me har mange av dei same utfordringane og då er det hensiktsmessig å jobbe saman. Me har vore omstillingsregion, men opplever no at fokuset på næringsutvikling er litt variabelt. Me gjer framleis mykje saman, men gjer me nok? Er me gode nok på samhandling, er Hallingdal eit godt vertskap for dei som driv næring og har me ein felles tanke om å vera en næringsvenleg region. Kan me bli betre på samhandling og på deltaking - må me gjera det same i alle kommunar eller kunne me samordna nokre rutinar.

Næringslivet er ikkje opptekne av kommunegrenser og Hallingtinget kom opp med fleire moment som kan gjerast for å styrke det offentlege si rolle når det gjelde tilrettelegging for næringsliv. Saka blir lagt fram til drøfting med tanke på ev justering i Regionplan til hausen.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet har drøfta saka

Hallingdal, 11. juni 2026

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar

